

Rapportering vedrørende samarbeidsavtale mellom Vestland fylkeskommune og Akvahub AS 2021-2022

Formål

Vestland fylkeskommune og Akvahub AS skal samarbeide om å styrke det regionale næringsutviklingsarbeidet knytt til å nå strategisk viktige mål i Vestland fylkeskommune sitt utkast til Regional planstrategi for vidare arbeid med næringsutvikling, Entreprenørskap og nyskaping, Kompetanse og karriere, Naturressursar – forvaltning og næringsutvikling, samt Forsking for styrka innovasjonsevne.

Målsetjingar

Samarbeidsavtalen skal medverke til å realisere mål og strategiar for næringsutvikling knytt til entreprenørskap og nyskaping, kompetanse og karriere, naturressursar – forvaltning og næringsutvikling samt forskning for styrka innovasjonsevne slik dette er formulert i gjeldande regionale planar, med særleg vekt på innsatsområda i Handlingsplan for innovasjon og næring i Vestland (HNV).

Akvahub AS sine oppgåver og bidrag i samarbeidet

Akvahub har sitt virke innanfor havbruksnæringa, og i dei spesifikke mål og strategiar som er lista opp i denne avtalen er det havbruk som er det overordna tema. Det er teke utgangspunkt i strategiske program og planar som er utarbeidd av Vestland fylkeskommune.

Måloppnåing

Revidert: 03.06.2022

Mål	Utført tidlegare (01.01.21 – 31.12.21)	Utført/pågår denne periode (01.01.22 – 01.07.22)	Planlagt utført 2022
Mål 1 Vestland som det leiande verdiskapingsfylket og nasjonal pådrivar for eit regionalisert og desentralisert Noreg. Strategi 1.3 Vestland skal utvikle eit framtidretta og inkluderande arbeids- og næringsliv basert på regionale fortrinn, forskning og innovasjon.	Gjennomført internasjonal digital workshop innan regulering av macroalgar, 14.desember 2021. Del også av Seaweed Pilot prosjekt finansiert av VLFK og av NORA. Dette arbeidet vil halde fram i 2022 og det er planlagd nye møtepunkt for å stimulere til ny kunnskap og kunnskapsdeling for å støtte utvikling av tarenæringa på tvers av NORA landa m.fl.	Deltok med presentasjon på den digitale Karrieremessa ved Høyanger VGS 26.januar	Utfordre våre eigarverksemder og andre i nettverket på korleis dei praktiserer berekraft i sitt daglege virke Kjem til å delta på Dale VGS si karrieremessa når den vert gjennomført ila hausten/vinteren 2022/2023 Ny digital workshop/treffpunkt i Seaweed Pilot Regulation and Management(VLFK) haust 2022.

Mål	Utført tidlegare (01.01.21 – 31.12.21)	Utført/pågår denne periode (01.01.22 – 01.07.22)	Planlagt utført 2022
<p>Drive med FoU-rådgiving og søknadsskriving retta mot regionale, nasjonale og internasjonale ordningar</p> <p>Bruke verkemidla kompetansemekling, nettverksmøte, mobilitet og forprosjekt for å leggje til rette for auka bruk av forskingsbasert innovasjon i næringslivet og for å kople bedrifter saman med FoU-miljø og andre aktuelle partar for drøfting av problemstillingar og forskingsutfordringar.</p>	<p>Søkt og gjennomført RFF Vestland forprosjekt i 2021</p> <p>Nytta kompetansemekling i utarbeiding av søknad</p>	<p>Søkt 1 RFF Vestland Forprosjekt i 2022,</p> <p>Søkt Fiskeridirektoratet om forlenging av Tarelaks 2.0</p>	<p>Søke 1 hovudprosjekt RFF Vestland 2022 basert på forprosjekt i 2021 knytt til slamhandtering for landbasert oppdrett</p> <p>Søke Innovasjonsprosjekt hos Innovasjon Norge knytt til ny produksjonsteknologi for laks i sjø</p>
<p>Avdekke kompetansegap i arbeidslivet som grunnlag for utvikling av konkrete etter- og vidareutdanningstilbod og nye utdanningar</p>	<p>Større kartlegging vart utført i mai 2021. Spelt inn i lokalt Kompetanseforum.</p>	<p>Gjennomført kartlegging i forbindelse med prosjekt Hyllestad Omstilling og vekst, vår 2022.</p> <p>Spelt inn behov til, og delteke på, Kompetanseforum Fjordane, og Kompetanseforum Vestland</p> <p>Delta på Karrieremessa til Framtidsfylket i Bergen 22 mars.</p>	<p>Gjennomføre årleg kartlegging av kompetansegap i Akvahub sitt nettverk av bedrifter.</p>
<p>Leggje til rette for entreprenørskap og innovasjon får større fokus i heile utdanningsløpet</p>		<p>Har planlagd, gjennomført og evaluert Workshop tare/entreprenørskap med Hyllestad skule som del av deira entreprenørskaps-tematikk i nov-mars (2021).</p> <p>Er starta på eit lengre Entreprenørskapsopplegg med Hyllestad Skule og ser føre oss å jobbe med fleire år framover.</p> <p>Har også inngått intensjonsavtale med Bulandet skule, og vil starte</p>	<p>Vil initiere årleg samarbeidsprosjekt med grunnskule/ungdomskule med tema entreprenørskap og innovasjon innanfor havbruk.</p>

Mål	Utført tidlegare (01.01.21 – 31.12.21)	Utført/pågår denne periode (01.01.22 – 01.07.22)	Planlagt utført 2022
		<p>opp med dei også våren 2022.</p> <p>Har også gjennomført eit kortare opplegg ved Solund Skule, men med hovudfokus på rekruttering.</p>	
Vidareutvikle modellar for livslang læring gjennom samarbeid mellom utdanningsinstitusjonar og lokalt næringsliv.	<p>Vi har gjennomført eit årleg forstudie/forprosjekt (saman med Måløy VGS og Dale VGS og med Opplæringskontoret for Fiskeri og Havbruk som samtalepart i 2021). Dette vart gjort mellom utdannings-institusjonar og næringsliv for å utforske livslang læring. Det vart utvikla ein samarbeidsmodell, og grunnlaget vart lagt for ny havbrukslinje (vaksenopplæring i akvakultur og naturbruk) i Dale VGS</p> <p>Vi har bidrege til gjennomføring av etter- og vidareutdanningskurs for lærarar innan RAS (resirkulerande akvakultursystem) i Måløy.</p>	<p>Sikre læreplassar til ny havbrukslinje ved Dale VGS i samarbeid med Måløy VGS. Dette arbeidet er starta og vil pågå våren 2022. Søknadsfrist til tilbodet er sett til 1.april.</p> <p>Etablert eit «Nærkontor». Gratis kontor for studentar og personar som er tilsett andre stader, men som vil tilbringe tid i havbruksmiljøet vårt i Leirvik.</p>	<p>Startmøte med Røde Kors Nordisk United World College (IB, vidaregåande skule i Fjaler) i mars for å sjå på moglege samarbeidsflater og det å ytterlegare inkludere ungdom og unge vaksne i arbeidet vårt. Vi knyter då kontakt med alle vidaregåande skular i regionen.</p>
Vidareutvikle Havbruksgruppa i Hyllestad		<p>Gjennomført møte for vidareutvikling av Havbruksgruppa.</p> <p>Planlagt evaluering og elektronisk innspelsøkt vil bli gjennomført 28. mars på første Havbruksgruppemøte i 2022.</p>	<p>Vi kjem til å gjennomføre eit opplegg der ein tek føre seg Hyllestad omstilling og vekst, del 2. Møta er også som arena for innspel til best muleg oppnå målsetjingane sett i Partnarskapsavtalen. Dette heng mellom anna saman med rekruttering lokalt og regionalt.</p>
Akvahub skal iverksette og følgje opp initiativ som fremjar lokal og regional rekruttering til havbruksnæringa.	<p>Entreprenørskapsopplegg med tilsette og elevar ved Hyllestad skule (nov21-mars22). Har harr gjenntekne</p>	<p>Annakvart år gjennomføre ei årleg Akvareise for å heve lærarstaben sin kompetanse innan havbruk i HAFS-regionen. Første vart utført haust 2021.</p>	<p>Gjennomføre ny Akvareise ila mai 2023.</p> <p>Vi planlegg å arrangere ein havbruksdag i mai/juni 2022 med</p>

Mål	Utført tidlegare (01.01.21 – 31.12.21)	Utført/pågår denne periode (01.01.22 – 01.07.22)	Planlagt utført 2022
	<p>møter og treffpunkt så langt.</p> <p>Delteke på sommarskule med Hyllestad skule sommaren 2021.</p>	<p>Har gjennomført konstruktive møter med ViteMeir senteret og NagelD. Resultert i teknologistasjonstatsing i Akvahub (der vi ser etter finanisering for å kunne investere i utstyr retta mot ulike alderstrinn – frå barnehage opp til og med universitet/høgskule/fagskule). Dette er meint å vere tilbod til born og unge såvel som andre som kjem innom, og utstyret kan takast med til ulike arena der vi kjem til å vere tilstades for å nå målsetjingane våre.</p> <p>Identifisere og kartlegge ungdom og vaksne som er under utdanning eller i arbeid, og som kan vere målgruppe for rekruttering for bedriftene i Akvahub sitt nettverk: Denne jobben er starta, og nokre har allereie teke i bruk nærkontoret. Vi informerar om kontoret fortløpande til ungdom i fora der vi er i kontakt med born og unge under utdanning.</p> <p>Vi har inkludert unge lokalt i prosjekta våre som del av rekrutteringsstrategien vår: Seaweed Pilot og Nettverk for lukka oppdrettsteknologi er dømer på dette. Vi ser også etter fleire kontaktflater.</p> <p>Presentasjon av havbruksnæringa for Postpensjonistane, Skei.</p>	<p>fleire involverte der målet er å syne fram lokalt næringsliv retta mot havbruk, og der deltakarane kan lære meir om havbruksnæringa. Målgruppa er born og unge.</p> <p>Delta på rekrutteringsmessene som Framtidsfylket arrangerer.</p>